

Kvartalsrapport pr. 30.09.2024



Innholdsliste

Innhald.....	2
Melding frå styret.....	3
Resultat.....	3
Balanse	4
Misleghald, tapsnedskrivningar og tap	4
Kapitaldekning.....	4
Utsiktene for resten av året	5
Rekneskap	6
Resultatrekneskap.....	6
Balanse	7
Resultatanalyse	8
Nøkkeltal.....	9
Eigenkapital	10
Notar.....	11
Note 1 Rekneskapsprinsipp.....	11
Note 2 Utlån til kundar	12
Note 3 Verdipapir	15
Note 4 Innskot frå kundar fordelt på sektor og næring	17
Note 5 Innlån frå kredittinstitusjonar og finansmarknaden	18
Note 6 Ansvarleg kapital og kapitalkrav.....	19

Melding frå styret

Resultat

Luster Sparebank legg fram eit resultat for tredje kvartal 2024 på kr 52,5 mill. Tilsvarande resultat på same tidspunkt i fjor var kr 49,3 mill. Det er i hovudsak auka rentenetto som er årsak til resultatforbetringa. Banken har pr. 30.09.2024 oppnådd ein rentenetto på kr. 87,2 mill. Rentenettoen utgjer i prosent av gjennomsnittleg forvaltningskapital (gfk) 2,51 %. På same tidspunkt i fjor var rentenettoen på kr. 74,3 mill., tilsvarande 2,18 % av gfk. Auken i rentenetto i kroner skuldast høgare lånevolum. I tillegg gjorde banken i 2. kvartal i år endringar i forvaltninga av likviditetsporteføljen. Tidlegare investerte banken i obligasjonsfond. Avkastninga av desse fonda vart inntektsført under posten vinst/tap verdipapir. Banken har no gått over til å investere direkte i obligasjonar. Verdiendringar blir då ført under posten vinst/tap verdipapir, mens rentene blir ført som ein del av rentenettoen og bidreg til å auke denne.

Netto andre driftsinntekter er på kr 24,1 mill. pr. 30.09.2024, ein nedgang på kr 7,2 mill. samanlikna med 30.09.2023. Utbytte er kr 2,0 mill. lågare enn i fjor. Hovudårsaka til dette er lågare utbytte frå banken sine produkselskap. Netto verdiendring og vinst/tap på valuta og finansielle instrument er kr 5,1 mill. lågare enn i fjor. Årsaka er at renteelementet i avkastning på likviditetsportefølje er flytta frå vinst/tap verdipapir til renteinntekter jf. kommentarar i førre avsnitt.

Samla driftskostnader har auka samanlikna med fjoråret. Banken nyttar mellom anna meir ressursar enn tidlegare på tiltak mot kvitvasking og svindel. Dette har bidrege til auka løns- og IT-kostnader. I tillegg har kostnadane knytt til marknadsføring auka.

Kostnadsprosenten pr 30.09.2024 er på 40,98 %. På same tidspunkt i fjor var kostnadsprosenten på 40,46 %. Sjølv om kostnadsprosenten har auka, er den låg i forhold til gjennomsnittleg kostnadsprosent for bankar på same storleik. I og med at mesteparten av avkastninga på likviditetsporteføljen i 2024 er med i rentenettoen, er det meir korrekt å ta med avkastning på verdipapir i kostnadsprosentutrekninga når formålet er å samanlikne med fjoråret. Utrekna på denne måten har kostnadsprosenten auka frå 35,68 % pr 30.09.2023 til 37,13 % pr 30.09.2024.

Under rekneskapsposten tap er det kostnadsført kr 0,089 mill. pr 30.09.2024. Kostnadsført tap på same tidspunkt i fjor var på kr 3,47 mill.

Resultat etter skatt pr 30.09.2024 på kr 52,52 mill. gir ein eigenkapitalrentabilitet på 9,5 %. På same tidspunkt fjor var eigenkapitalrentabiliteten etter skatt på 9,83 %. Det gode resultatet banken oppnådde i 2023 er i det vesentlege halde tilbake i verksemda. Dette har auka banken sin eigenkapital. Den auka eigenkapitalen forklarar kvifor eigenkapitalrentabiliteten går ned sjølv om resultatet er betre enn i fjor.

Balanse

Banken sin forvaltningskapital pr. 30.09.2024 er på kr 4.751,0 mill. Forvaltningskapitalen har auka med kr 196,8 mill. (4,32 %) siste 12 månadar. Forretningskapitalen som også inkluderer lån overført til Verd Boligkreditt AS, er pr. 30.09.2024 på kr 5.614,9 mill. Veksten i forretningskapital siste året er på kr 321,9 mill. (6,08 %).

Brutto utlån til kundar på eigen balanse er bokført med kr 3.917,9 mill. Veksten siste 12 månader er på kr 299,5 mill. eller 8,28 %. Utanfor balansen har banken pr. 30.09.2024 overført kr 863,9 mill. til Verd Boligkreditt AS. På same tidspunkt i fjor hadde banken overført kr 738,7 mill. Samla utlån inkludert overførte lån til Verd Boligkreditt AS har dermed auka med kr 424,7 mill. eller 9,75 % dei siste 12 månadane. Utlånsveksten fordeler seg med 8,52 % på personmarknad og 1,23 % på næring og offentleg sektor.

Utlånsvolum på eigen balanse pr. 30.09.2024 er fordelt med 26,85 % til næringskundar, 0,15 % til offentleg sektor og 73 % til personmarknadskundar. På same tidspunkt i fjor var tilsvarande fordeling 27,50 % til næringskundar, 0,25 % til offentleg sektor og 72,25 % til personmarknadskundar. Innskot frå kundar er bokført med kr 3.614,7 mill. Veksten siste året er på kr 160,0 mill. eller 4,6 %. Banken sin innskotsdekning pr 30.09.2024 er på 92,3 %. Banken har langsiktig lånt inn kr 115,5 mill. frå Kredittforeningen for Sparebanker. Banken har uteståande obligasjonslån for kr 211,0 mill.

Misleghald, tapsnedskrivningar og tap

Misleghaldne og tapsutsette engasjement utlån utgjer kr 55,9 mill. kr. pr. 30.09.2024. Dette er ein nedgang med kr 25,9 mill. samanlikna med same tidspunkt i fjor. Samla tapsnedskrivningar har gått ned med kr 3,3 mill. samanlikna med same tidspunkt i fjor. Luster Sparebank har ein nøktern risikoprofil i si kredittgjeving og andre plasseringar. Banken har ikkje endra kredittrisikoprofil så langt i 2024.

Kapitaldekning

Luster Sparebank nyttar standardmetoden for kredittrisiko og basismetoden for operasjonell risiko.

Pr. 30.09.2024 har banken ein ansvarleg kapital på kr 600,9 mill. Heile banken sin ansvarlege kapital er rein kjernekapital. Med eit berekningsgrunnlag på kr 2.378,8 mill. gir dette ei rein kjernekapitaldekning på 25,26 %.

Perioderesultatet så langt i år er ikkje teke med i utrekning av kapitaldekning då rekneskapen ikkje er revidert. Dersom banken sitt resultat pr. 30.09.2024 hadde vore inkludert i ansvarleg kapital, hadde kapitaldekninga vore på 27,47 %.

Luster Sparebank rapporterer også kapitaldekning på konsolidert nivå. På konsolidert nivå inngår banken sine eigarandelar i dei samarbeidande finansinstitusjonane Brage Finans AS og Verd Boligkreditt AS. Etter konsolidering har Luster Sparebank ei rein kjernekapitaldekning på 22,96 %, kjernekapitaldekning på 23,46 % og ei kapitaldekning på 24,06 %.

Utsiktene for resten av året

Luster Sparebank held fram den positive resultatutviklinga i tredje kvartal 2024. Banken sin finansielle stilling er svært god. Etter fleire år med eit lågt rentenivå, har rentene både i Norge og internasjonalt auka betydeleg dei seinare åra. Lågare inflasjon og svakare økonomiske nøkkeltal har gjort at styringsrentene hjå fleire av våre viktigaste handelspartnerar har vorte redusert siste tida. Tross avtakande inflasjon også i Norge, bidreg svak utvikling i kronekursen, høg lønsvekst og ein ekspansiv finanspolitikk til at inflasjonen framleis held seg over inflasjonsmålet på 2,0 prosent. Dette gjer det usikkert når rentenedgangen vil komma i Norge.

Styret er nøgde med å registrera at perioden med høgare rentenivå og svakare økonomiske utsikter så langt ikkje har hatt negativ innverknad på kredittkvaliteten i banken sin utlånsportefølje. Det vert viktig å halda fram det gode arbeidet med overvaking og oppfølging av kredittrisikoen i utlånsporteføljen også frametter.

Kredittveksten i norsk økonomi er låg, og det er sterk konkurranse mellom bankane. Det er gledeleg å registrera at banken sitt løysingsforslag til kundane står seg godt gjennom god kunde- og utlånsvekst, samstundes som banken leverer eit godt økonomisk resultat. Høg kostnadsvekst i samfunnet kombinert med utsikter til eit lågare rentenivå og svekka rentemarginer, vil venteleg gje auka press på bankane si inntening frametter. Med god kontroll på kostnadane og kunden i fokus meiner styret at banken framleis skal levera gode økonomiske resultat og vera ein føretrekt leverandør av finansielle tenester også frametter.

Gaupne, 12.11.2024
I styret for Luster Sparebank

Svein Ove Slinde
Styreleiar

Ove Nyland

Siri Johanne Solberg Dalehaug

Anette Stegegjerdet Norberg

Thomas Dalsøren

Jermund Lien Molland
Banksjef

RESULTATREKNESKAP

(Tal i heile 1.000)

	Note	30.09.24	30.09.23	Q3 24	Q3 23	31.12.23
Renteinntekter og liknande inntekter		187.230	145.650	65.096	54.149	202.657
Rentekostnader og liknande kostnader		100.017	71.356	33.456	27.572	100.515
Netto renteinntekter		87.213	74.294	31.640	26.577	102.142
Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester		11.633	11.781	4.170	3.806	15.943
Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester		-1.658	-1.586	-533	-612	-2.097
Utbytte og andre inntekter av eigenkapitalinstrument		3.532	5.513	71	52	6.532
Netto verdiendring og vinst/tap på valuta og finansielle instrument		10.451	15.589	4.038	8.892	23.196
Andre driftsinntekter		120	0	0	0	111
Netto andre driftsinntekter		24.078	31.297	7.746	12.138	43.685
Løn og andre personalkostnader		18.498	16.670	7.005	6.435	24.044
Andre driftskostnader		22.400	19.243	7.114	6.213	25.986
Ordinære avskrivningar		421	499	140	148	640
Sum driftskostnader		41.319	36.412	14.259	12.796	50.670
Tap på utlån, garantiar o.l.	2	89	3.477	779	1.968	6.040
Resultat før skatt		69.883	65.702	24.348	23.951	89.117
Skattekostnad		17.471	16.405	6.087	5.967	20.378
Resultat før andre inntekter og kostnader		52.412	49.297	18.261	17.984	68.739
Utvida resultat						
Andre inntekter og kostnader		96	0	63	-41	1.145
Totalresultat		52.508	49.297	18.324	17.943	69.884

BALANSE

(Tal i heile 1.000)

EIGENDELER	Note	30.09.24	30.09.23	31.12.23
Kontantar og fordringar på sentralbankar		78.176	75.018	74.405
Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar og finansieringsforetak		217.335	289.436	242.167
Utlån til og fordringar på kundar	2	3.892.421	3.589.625	3.651.146
Renteberande verdipapir	3	263.381	0	0
Obligasjons- og pengemarknadsfond	3	81.621	395.437	319.751
Aksjar og grunnfondsbevis	3	186.499	168.720	173.827
Varige driftsmidlar		6.742	7.148	7.008
Eigendeler ved utsatt skatt		3.876	9.890	3.876
Andre eigendeler		20.980	18.979	18.178
SUM EIGENDELER		4.751.031	4.554.253	4.490.358
GJELD OG EIGENKAPITAL				
Innlån frå kredittinstitusjonar og finansieringsforetak	5	115.495	146.382	146.424
Innskot og andre innlån frå kundar	4	3.614.651	3.454.589	3.372.976
Gjeld stifta ved å utstede verdipapir	5	211.000	210.931	210.952
Anna gjeld		16.788	15.108	15.906
Avsetningar		31.165	33.323	32.472
Sum gjeld		3.989.099	3.860.333	3.778.730
Sum eigenkapital		761.932	693.920	711.628
SUM GJELD OG EIGENKAPITAL		4.751.031	4.554.253	4.490.358
Garantiansvar		34.994	40.431	38.959
Pantsetjingar		254.592	253.086	256.964
Lån overført til Verd Boligkreditt AS		863.854	738.663	773.569
Gjennomsnitleg forvaltningskapital		4.641.726	4.556.328	4.538.147

RESULTATANALYSE

(i prosent av gjennomsnitlig forvaltningskapital)	30.09.2024	30.09.2023	31.12.2023
Renteinntekter og liknande inntekter	5,39 %	4,27 %	4,47 %
Rentekostnader og liknande kostnader	2,88 %	2,09 %	2,21 %
Netto renteinntekter	2,51 %	2,18 %	2,25 %
Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester	0,33 %	0,35 %	0,35 %
Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester	-0,05 %	-0,05 %	-0,05 %
Utbytte og andre inntekter av eigenkapitalinstrument	0,10 %	0,16 %	0,14 %
Netto verdiendring og gevinst/tap på valuta og finansielle instrument	0,30 %	0,46 %	0,51 %
Andre driftsinntekter	0,00 %	0,00 %	0,00 %
Netto andre driftsinntekter	0,69 %	0,92 %	0,96 %
Løn og andre personalkostnader	0,53 %	0,49 %	0,53 %
Andre driftskostnader	0,64 %	0,56 %	0,57 %
Ordinære avskrivningar	0,01 %	0,01 %	0,01 %
Sum driftskostnader før tap på utlån	1,19 %	1,07 %	1,12 %
Tap på utlån, garantiar o.l.	0,00 %	0,10 %	0,13 %
Driftsresultat før skatt	2,01 %	1,93 %	1,96 %
Skattekostnad	0,50 %	0,48 %	0,45 %
Resultat etter skatt	1,51 %	1,45 %	1,51 %
Utvida resultat			
Andre inntekter og kostnader	0,00 %	0,00 %	0,03 %
Totalresultat	1,51 %	1,45 %	1,54 %

NØKKELTAL	30.09.2024	30.09.2023	31.12.2023
Rentabilitet og effektivitet			
Eigenkapitalrentabilitet etter skatt	9,50 %	9,83 %	10,12 %
Kostnadsprosent eksklusiv verdiendring verdipapir	40,98 %	40,46 %	41,32 %
Kostnadsprosent inkludert verdiendring på verdipapir	37,13 %	35,68 %	34,75 %
Soliditet			
Eigenkapital i % av forvaltningskapital	16,04 %	15,24 %	15,85 %
Konsolidert rein kjernekapitaldekning	22,96 %	22,61 %	24,97 %
Konsolidert kjernekapitaldekning	23,46 %	22,96 %	25,30 %
Konsolidert kapitaldekning	24,06 %	23,42 %	25,73 %
Konsolidert uvekta kjernekapital	11,46 %	11,13 %	12,37 %
Vekst siste 12 måneder			
Vekst i utlån på egen balanse	8,28 %	1,85 %	3,43 %
Vekst i utlån inkludert overføring til kredittforetak	9,75 %	1,99 %	2,40 %
Vekst i innskot	4,63 %	4,91 %	3,80 %
Vekst i forvaltning	4,32 %	3,38 %	2,72 %
Vekst i forvaltning inkludert overføring til kredittforetak		3,28 %	1,96 %
Likviditet			
Innskotsdekning	92,26 %	95,47 %	91,63 %
Innskotsdekning inkludert lån overført til kredittforetak	75,59 %	79,29 %	75,72 %
LCR	242,51 %	334,57 %	267,92 %
NSFR	141,24 %	148,32 %	147,00 %

ENDRING I EIGENKAPITAL

(Tal i heile 1.000)

	Udisponert resultat	Fond for urealiserte gevinster	Spare- banken sitt fond	Gavefond	Sum eigen- kapital
Eigenkapital pr. 31.12.2022	0	42.713	580.186	23.715	646.615
Resultat før andre inntekter og kostnader	0	6.162	62.577	0	68.739
					1.145
Poster ført over andre inntekter og kostnader	0	0	1.145	0	
Avsetnad til gåver	0	0	-5.500	5.500	0
Gåver utdelt av styret i 2023	0	0	0	-4.871	-4.871
Eigenkapital pr. 31.12.2023	0	48.875	638.409	24.344	711.628
Resultat før andre inntekter og kostnader	52.412	0	0	0	52.412
					96
Poster ført over andre inntekter og kostnader	96	0	0	0	
Avsetnad til gåver	0	0	0	0	0
Gåver utdelt av styret så langt i 2024	0	0	0	-2.204	-2.204
Eigenkapital pr. 30.09.2024	52.508	48.875	638.410	22.140	761.932

NOTE 1 REKNESKAPSPRINSIPP

Rekneskap er utarbeida i samsvar med IAS 34 Delårsrapportering og IFRS som fastsett i "Forskrift om årsregnskap for banker, kredittforetak og finansieringsforetak".

Delårsrekneskap er ikkje revidert.

Banken vil unnlate å gi følgjande noteopplysningar etter IFRS:

- 1) IFRS 13. Det blir istaden gitt opplysningar om verkeleg verdi i samsvar med forskriften § 7-3.
- 2) IFRS 15.113-128
- 3) IAS 19.135 litra c og IAS 19.145-147.

Delårsrekneskap er utarbeida i samsvar med gjeldande IFRS-standarder og IFRIC-tolkningar.

Delårsrekneskapet omfattar ikkje all informasjon som blir krevd i eit fullstending årsrekneskap.

Ein bør difor lese delårsrekneskap og siste årsrekneskap i samanheng.

Viktige rekneskapsestimat og skjønsmessige vurderingar

Utarbeiding av rekneskap i samsvar med generelt aksepterte rekneskapsprinsipp krev at leiinga i ein del tilfeller må ta forutsetningar og må nytte estimat og skjønsmessige vurderingar.

Estimat og skjønsmessige vurderingar blir evaluert løpande og er basert på historiske erfaringar og forutsetnader om framtidige hendingar som blir vurdert som sansynlege på tidspunkt for utarbeiding av balansen. Det er knytta usikkerhet til dei forutsetningar og forventningar som ligg til grunn for nytta estimat og skjønsmessige vurderingar. I årsrekneskap for 2023 er det redegjort nærmare for kritiske estimat og vurderingar vedrørande bruk av rekneskapsprinsipp.

Alle tall er i kr 1.000 om ikkje anna er oppgitt.

NOTE 2 UTLÅN TIL KUNDAR**Fordeling av brutto utlån til kundar fordelt på trinn**

	Trinn 1	Trinn 2	Trinn 3	Sum
Inngående balanse 01.01.2024	3.160.644	444.964	75.381	3.680.989
Overført til trinn 1	126.367	-116.598	-9.769	0
Overført til trinn 2	-225.843	225.843	0	0
Overført til trinn 3	-8.698	-4.613	13.311	0
Netto endring	-86.160	-12.294	-9.593	-108.047
Nye lån	1.034.326	66.203	2.512	1.103.041
Frårekna lån	-669.073	-79.993	-8.970	-758.036
Utgående balanse 30.09.2024	3.331.563	523.512	62.872	3.917.949

	Trinn 1	Trinn 2	Trinn 3	Sum
Inngående balanse 01.01.2023	3.099.747	383.760	75.300	3.558.807
Overført til trinn 1	145.273	-140.555	-4.718	0
Overført til trinn 2	-240.832	244.221	-3.389	0
Overført til trinn 3	-11.205	-10.682	21.887	0
Netto endring	-116.109	-10.844	-3.134	-130.087
Nye lån	798.660	36.926	2.386	837.972
Frårekna lån	-579.088	-61.730	-7.400	-648.218
Utgående balanse 30.09.2023	3.096.446	441.096	80.932	3.618.475

Utlån til kundar fordelt på sektor og næring	30.09.2024	30.09.2023	31.12.2023
Personkundar	2.859.999	2.613.552	2.656.199
Offentleg sektor	6.462	8.890	7.588
Finans og andre sektorar	8.017	9.729	8.753
Næring			
- Primærnæring	169.545	156.558	158.998
- Industri	37.868	37.480	33.138
- Kraftproduksjon	30.333	31.292	30.446
- Bygg og anlegg	136.195	174.384	180.783
- Handel	44.355	47.520	47.636
- Hotell og restaurantdrift	71.808	67.512	66.680
- Transport	24.840	28.383	27.846
- Eigedomsdrift	467.145	389.819	406.937
- Andre tjenesteytande næringar	54.736	51.546	54.170
- Interesseorganisasjonar	6.646	1.810	1.817
Sum utlån før nedskrivningar	3.917.949	3.618.475	3.680.991
Trinn 1 nedskrivningar	-5.641	-7.040	-7.450
Trinn 2 nedskrivningar	-5.726	-3.659	-2.933
Trinn 3 nedskrivningar	-14.161	-18.151	-19.462
Sum utlån til og fordringar på kundar	3.892.421	3.589.625	3.651.146
Overført til Verd Boligkreditt AS	863.854	738.663	773.569
Totale utlån	4.756.275	4.328.288	4.424.715

Kredittforringa engasjement

Engasjement som har vore misleghaldne i meir enn 90 dagar

	30.09.2024	30.09.2023	31.12.2023
Misleghald næringlivskundar	14.540	56.660	45.108
Misleghald personkundar	794	6.253	5.799
Brutto misleghaldne engasjement	15.334	62.913	50.907
Individuelle nedskrivningar (trinn 3)	-8.633	-17.492	-13.940
Netto misleghaldne engasjement	6.701	45.421	36.967

Engasjement som er tapsutsett, men ikkje misleghaldne

	30.09.2024	30.09.2023	31.12.2023
Brutto tapsutsette ikkje misleghaldne engasjement	40.615	19.024	25.576
Individuelle nedskrivningar (trinn 3)	-5.560	-723	-5.598
Netto tapsutsette ikkje misleghaldne engasjement	35.055	18.301	19.978

Kreditttap på utlån, garantiar og unyttta kredittrammer til kundar

	Trinn 1 Modellbasert 12 mnd. Tap	Trinn 2 Modellbasert livstid tap	Trinn 3 Modellbasert livstid tap	Trinn 3 Individuelt vurdert	Sum nedskrivningar
Nedskrivningar og avsetningar Inngående balanse 01.01.2024	9.823	3.093	388	19.150	32.454
Overføringar:					
Overført til trinn 1	560	-472	-88	0	0
Overført til trinn 2	-1.993	1.993	0	0	0
Overført til trinn 3	-27	-46	73	0	0
Netto endring	-677	1.638	2.634	-5.139	-1.544
Nye tap	2.247	525	84	0	2.856
Frårekna tap	-2.022	-542	-2.657	-251	-5.472
Endring i risikomodell/parametre	-6	-12	-1	0	-19
Andre endringar	0	0	0	0	0
Utgående balanse 31.09.2024	7.905	6.177	433	13.760	28.275
Verdijustert over andre inntekter kostnader	1.597	0	0	0	1.597
Sum nedskrivningar og avsetningar pr 30.09.2024	6.308	6.177	433	13.760	26.678
Konstatert tap	0	0	0	5.176	5.176
Inngått på tidligare konstaterte tap	0	0	0	-795	-795
Nedskrivningar på balansef. utlån til kundar	5.641	5.728	401	13.760	25.530
Avsetningar på garantiar og unyttta kredittar til kundar	667	449	32	0	1.148
Sum nedskrivningar/avsetningar 30.09.2024	6.308	6.177	433	13.760	26.678

Resultatførte tap på utlån, kredittar og garantiar

	30.09.2024	30.09.2023	31.12.2023
Endring i nedskrivningar og avsetningar i trinn 1 og 2	1.165	-37	351
Endring i nedskrivningar og avsetningar i trinn 3	-4.526	3.471	5.096
Konstaterte tap med tidlegare nedskrivning	4.176	0	543
Konstaterte tap utan tidlegare nedskrivningar	69	75	82
Inngang på tidlegare konstaterte tap	-795	-32	-32
Sum resultatførte tap på utlån, kredittar og garantiar	89	3.477	6.040

NOTE 3 VERDIPAPIR

Denne noten gir informasjon om kva metode som blir nytta til å måle banken sine verdipapir. Banken sine verdipapir blir delt inn i tre grupper eller nivå.

Nivå 1

Verdipapira i denne gruppa blir verdsett på grunnlag av observerbare marknadsverdiar. Banken verdsetter børsnoterte aksjar og fond etter denne metoden

Nivå 2

Verdipapir i denne gruppa blir verdsett på grunnlag av verdsettjingsteknikkar der forutsetningane er basert direkte eller indirekte på observerbare marknadsdata.

Nivå 3

Verdipapir i denne gruppa blir verdsett på grunnlag av vurderingar der observerbare marknadsdata ikkje inngår. For dei fleste av verdipapira i denne gruppa har banken verdsett verdipapira til banken sin andel av den bokførte eigenkapitalen i selskapa.

Verdipapir pr 30.09.2024

	Antall	Verkeleg verdi (i heile 1000)	Verdsettjingshirarki		
			Nivå 1	Nivå 2	Nivå 3
Obligasjonar		263.381	0	263.381	0
Obligasjons og pengemarknadsfond					
Storebrand Likviditet	4.930	51.607	51.607	0	0
Odin Likviditet	28.773	30.014	30.014	0	0
Sum obligasjons og pengemarknadsfond		81.621	81.621	0	0
Aksjar og grunnfondsbevis					
Balder Betaling AS	234.705	7.195	0	0	7.195
Brage Finans AS	2.242.581	62.294	0	0	62.294
DNB Bank ASA	15.942	3.450	3.450	0	0
Eiendoms kreditt AS	99.222	17.202	0	0	17.202
Frende Holding AS	40.986	21.313	0	0	21.313
Gjensidige Forsikring ASA	11.193	2.209	2.209	0	0
Lerum Brygge AS	4.000	1.250	0	0	1.250
Luster Energiverk AS	1.374	17.862	0	0	17.862
Norne Securities AS	119.758	975	0	0	975
Verd Boligkreditt AS	45.543	48.386	0	0	48.386
Visa		495	0	0	495
Flekkfjord Sparebank	9.853	1.069	0	0	1.069
Kredittforeningen for Sparebanker	460	590	0	0	590
Sogn Sparebank	7.600	1.817	1.817	0	0
Andre aksjer		392	0	0	392
Sum aksjar og grunnfondsbevis		186.499	7.476	263.381	179.023
Sum verdipapir		531.501	89.097	263.381	179.023
Avstemming nivå 3					
Inngående balanse 01.01					167.099
Realisert vinst/tap					0
Urealisert vinst/tap ført mot resultatet					2.326
Urealisert vinst/tap ført mot utvida resultat					0
Investering					9.598
Salg					0
Utgående balanse					179.023

NOTE 4 INNSKOT FRÅ KUNDAR FORDELT PÅ SEKTOR OG NÆRING

	30.09.24	30.09.23	31.12.23
Lønstakarar	2.681.097	2.499.393	2.497.489
Offentleg sektor	130.378	193.124	168.337
Finans og andre sektorar	94.548	91.100	85.758
Næring			
- Primærnæring	85.773	76.404	64.610
- Industri	31.668	26.010	22.407
- Kraftproduksjon	129.055	137.181	137.760
- Bygg og anlegg	117.149	128.151	123.951
- Handel	53.670	43.914	46.216
- Hotell og restaurantdrift	49.502	46.444	27.816
- Transport	20.627	16.237	13.945
- Eigedomsdrift	94.454	89.415	74.455
- Andre tjenesteytande næringar	114.832	98.939	99.811
- Interesseorganisasjonar	11.898	8.278	10.421
Sum innskot	3.614.651	3.454.590	3.372.976

NOTE 5 INNLÅN FRÅ KREDITTINSTITUSJONAR OG FINANSMARKNADEN**Innlån frå kredittinstitusjonar**

Innlåna er prisa til 3M Nib + margin

	Opptak	Forfall	Margin	30.09.24	30.09.23	31.12.23
Kredittforeningen for Sparebanker	22.01.2021	12.04.2024	0,43 %	0	30.000	30.000
Kredittforeningen for Sparebanker	22.01.2021	12.04.2024	0,52 %	0	50.000	50.000
Kredittforeningen for Sparebanker	17.06.2021	11.11.2024	0,48 %	35.000	35.000	35.000
Kredittforeningen for Sparebanker	29.10.2021	03.02.2026	0,52 %	30.000	30.000	30.000
Kredittforeningen for Sparebanker	12.03.2024	28.09.2026	0,75 %	50.000	0	0
Sum gjeld til kredittinstitusjonar nominell verdi				115.000	145.000	145.000
Påløpte renter				495	1.382	1.424
Sum gjeld til kredittinstitusjonar bokført verdi				115.495	146.382	146.424

Gjeld stifta ved å utstede verdipapir

Obligasjonar er prisa til 3M Nib + margin

ISIN-nr	Opptak	Forfall	Margin	30.09.24	30.09.23	31.12.23
NO0011036766	25.06.2021	25.06.2025	0,53 %	80.000	80.000	80.000
NO0011150534	11.11.2021	11.11.2025	0,51 %	70.000	70.000	70.000
NO0010993033	04.05.2021	04.05.2026	0,61 %	60.000	60.000	60.000
Obligasjonslån nominell verdi				210.000	210.000	210.000
Tilbakekjøpte obligasjonar				0	0	0
Påløpte renter				1.057	1.073	1.054
Over/underkurs				-57	-142	-102
Bokført verdi av gjeld stifta ved å utstede verdipapir				211.000	210.931	210.952

Endring i verdipapirgjeld

	30.09.24	30.09.23	31.12.23
Bokført verdi av verdipapirgjeld 01.01	210.952	281.172	281.172
Opptak av nye lån i perioden	0	0	0
Forfalte eller innløyste lån i perioden	0	-70.000	-70.000
Innbetaling pålydande eigne obligasjonar	0	50.000	50.000
Tilbakekjøp pålydnade eigne obligasjonar	0	-50.000	-50.000
Endring over/underkurs	45	-2	38
Endring påløpte renter	3	-239	-258

Bokført verdi av verdipapirgjeld

ved utgang av perioden	211.000	210.931	210.952
-------------------------------	----------------	----------------	----------------

NOTE 6 ANSVARLEG KAPITAL OG KAPITALKRAV

	30.09.24	30.09.23	31.12.23
Eigenkapital	761.933	693.920	711.628
- Fradrag for resultat fordi rekneskap ikkje er revidert	-52.508	-49.297	0
- Frådrag	-108.505	-96.265	-96.297
Sum ansvarleg kapital (rein kjernekapital)	600.920	548.358	615.330
Engasjementskategoriar (vekta beløp)			
Statar og sentralbankar	0	0	0
Lokale og regionale myndigheiter (herunder kommunar)	4.947	1.786	1.525
Offentleg eigde foretak	0	0	0
Institusjonar	45.360	56.873	47.438
Foretak	71.807	53.488	49.683
Massemarked	341.875	272.699	291.789
Engasjement med pantetrygd i eigedom	1.457.293	1.310.754	1.326.250
Forfalte engasjementer	57.876	77.497	68.193
Høgrisiko-engasjement	44.467	73.461	67.742
Obligasjonar med fortrinnsrett	10.876	0	0
Institusjonar og føretak med kortsiktig rating	0	0	0
Andeler i verdipapirfond	16.324	65.481	31.421
Eigenkapitalposisjonar	89.339	84.125	90.084
Øvrige engasjement	19.711	35.198	34.900
Sum berekningsgrunnlag for kredittrisiko	2.159.875	2.031.361	2.009.025
Berekningsgrunnlag operasjonell risiko etter basismetoden	218.919	189.642	218.919
Sum berekningsgrunnlag	2.378.794	2.221.003	2.227.944
Rein kjernekapitaldekning i prosent	25,26 %	24,69 %	27,62 %
Kjernekapitaldekning i prosent	25,26 %	24,69 %	27,62 %
Ansvarleg kapitaldekning i prosent	25,26 %	24,69 %	27,62 %
Uvekta kjernekapital i prosent	12,67 %	12,09 %	13,73 %

Konsolidering av samarbeidande grupper

Frå 01.01.2018 skal alle bankar rapportere kapitaldekning konsolidert med eigarandel i samarbeidsgrupper. I tredje kvartal 2024 har banken en eigarandel på 4,0 % i Verd Boligkreditt AS og 1,64 % i Brage Finans AS.

	30.09.24	30.09.23	31.12.23
Konsolidert rein kjernekapital	709.755	637.435	703.093
Konsolidert kjernekapital	725.299	647.351	712.437
Konsolidert ansvarleg kapital	743.691	660.152	724.405
Konsolidert beregningsgrunnlag	3.091.386	2.818.909	2.815.708
Konsolidert rein kjernekapitaldekning	22,96 %	22,61 %	24,97 %
Konsolidert kjernekapitaldekning	23,46 %	22,96 %	25,30 %
Konsolidert ansvarleg kapitaldekning	24,06 %	23,42 %	25,73 %
Konsolidert uvekta kjernekapital	11,46 %	11,13 %	12,37 %
Banken sine kapitalkrav	30.09.24	30.09.23	31.12.23
Minstekrav rein kjernekapital	4,50 %	4,50 %	4,50 %
Bevaringsbuffer	2,50 %	2,50 %	2,50 %
Systemrisikobuffer	4,50 %	3,00 %	4,50 %
Motsyklisk buffer	2,50 %	2,50 %	2,00 %
Krav til rein kjernekapital	14,00 %	12,50 %	14,00 %
Krav til kjernekapitaldekning	15,50 %	14,00 %	15,50 %
Krav til kapitaldekning	17,50 %	16,00 %	17,50 %
Banken si vurdering av Pilar 2 krav	2,10 %	2,10 %	2,10 %

Banken sine kapitalmål

Banken er ikkje underlagt Pilar 2-krav frå Finanstilsynet. Banken har eit kapitalmål på 17,5 % for rein konsolidert kjernekapital per 31.12.2024. Banken sitt minstekrav til leverage ratio er på 3 % av eksponeringsbeløpet. Sett i samanheng med forventa finansiell utvikling, regulatoriske kapitalkrav og marknaden sin forventning, har styret fastsett mål for rein kjernekapital, kjernekapital, ansvarleg kapital på konsolidert nivå. Styret har vedteke følgjande kapitalmål på konsolidert nivå:

	31.12.24
KAPITALMÅL KONSOLIDERT	
Mål for rein kjernekapitaldekning	17,5 %
Mål for kjernekapitaldekning	19,0 %
Mål for kapitaldekning	21,0 %